



Kommunalsjef Gunn Tove Petterteig og formannskapsmedlem Kjell Yri likte det dei hørde om bruk av modular

Kan modul-bygg vera løysinga for å få fart på kommunen sine behov for nye bygg, til dømes Rosendalstunet og skulen i Uskedalen?

Ja, seier fleire politikarar og kommunalsjefar etter orienteringa frå Norges største leverandør – Dette er absolutt interessant å vurdere, spesielt innanfor pleie og omsorg, seier kommunalsjef Gunn Tove Petterteig etter orienteringa frå Malthus Bygg. Ho meiner modulbygg til dømes kan vera løysinga for Rosendalstunet.

Også kommunalsjef Kjell O. Nygård likte det han fekk sjå og høyra i orienteringsmøtet, som Kvinnherad Arbeidarparti hadde invitert til.

– Dette må vi sjå nærare på, sa Nygård etter møtet, utan å lova at Rosendalstunet vil bli forsert i høve til økonomiplan og langtidsbudsjett.

Då kommunestyret i november 2011 diskuterte utviding av Rosendalstunet var det snakk om 170 millionar kroner for 60 senger i første byggjesteget. Ei modul-løysing vil kunna realiserast langt rimelegare, kanskje ned mot halve prisen, meiner fleire politikarar.

– Veldig interessant, og absolutt aktuelt å sjå nærare på i samband med Rosendalstunet, seier Kjell Yri (V) etter orienteringa. Han tar eit lite atterhald om det arkitektoniske i høve til eksisterande bygningsmasse.

Det mest interessante ved ei modul-løysing, meiner Yri, er økonomien og tidsperspektivet. Kvaliteten trengingen stilla spørsmål ved, seier han. Det same meiner Marit Elisebet Totland (KrF).

Også Ole Torbjørn Holmedal likte det han fekk høyra under presentasjonen frå Malthus Bygg, og trekkjer fram rask byggjetid, gunstigare prisar og minst like god kvalitet som tradisjonelle bygg.

–Modul-utbyggjing er noko Kvinnherad kommune absolutt bør sjå nærare på, både i samband med skule- og omsorgsbygg, seier Frp-representanten.

Med utgangspunkt i orienteringa frå Malthus, har Holmedal rekna seg fram til at det til dømes kan byggjast 30 sjukeheimplassar i Rosendal for vel 40 millionar. Då byrjar det å bli overkommeleg, seier han.

Leiar i Arbeidarpartiet, Arve Opsanger hadde teke initiativ til møtet og understeka innleiingsvis at Malthus Bygg

var tilfeldig valt, og at det ikkje var nokon bindingar i noko lei.

–Dette gjer vi først og fremst for å få orientering og innblikk i mulighetene,sa Ap-leiaren.

Malthus har bygt sjukeheimar fleire stader rundt om i landet, til dømes i Fjell kommune, og opererer med ein kvadratmeterpris på rundt 20.000 kroner.

–Det er viktig å ha klart for seg at vi ikkje snakkar om brakker, men modul-bygg, understreka Glenn Bakke i Malthus Bygg under orienteringa irådhuset. Han trekte spesielt fram effektiv og innandørs produksjon, noko som blant anna gjev kort byggjetid.

Av Kristian Hus
HusnesNett